

Flott ryddejobb av elevar.

12.05.2016



Flinke elevar klar til rydding

Vi har nett lagt ut ei sak om alt dugnadsarbeidet i bygda, og så fekk vi inn ei flott melding om at elevane i 5. klasse hadde gjort ein kjempejobb med rydding i sentrum i vidaste forstand. Både rundt kunstgrasbanen og over Dønhaug der folketoget skal gå 17.mai hadde dei også vore og rydda. Kjempeflott gjort!!

Etter at ryddejobben var gjort fekk dei velfortent lønn for strevet. Spar spanderte nemleg is på heile ryddejengen. På 17.mai når vi ser kor ryddig og fint det er i bygda, kan vi godt senda ein takksam tanke til dei flinke 5.klassingane.



Godt i gong med jobben.



Motivasjonen er på topp!



Og etterpå spanderte Spar is.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Gunn Mari Moberg